# DET NORSKE TEATRET






# Norges Brannkasse

Grunnlagt 1767

Wergelandsveien 3 - Filial: Stortorvet 2 - Tlf. 20 37 70

## Brann- og annen skadetrygd

Kombinert trygding - Nyverdetrygding



*Restaurant*

# FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie*
*Le Rendez-Vous de Gourmets*
*Vis-à-vis*
*Nationaltheatret*

En forfriskende pause




DRIKK
Coca-Cola
REG. VAREMERKE
ISKALD

Autorisert tappeti
Jarlsberg Mineralvann A/s

C15g 149584

# "Ai, ai, for ein artig krig!"

av medlemer av
THEATRE WORKSHOP,
CHARLES CHILTON, og
JOAN LITTLEWOOD

| | |
|---|---|
| til norsk ved | HARTVIG KIRAN |
| regi | BARTHOLD HALLE |
| koreograf | EDITH ROGER |
| musikkarrangement | ALFRED RALSTON |
| orkesterleiing | EGIL MONN-IVERSEN |
| repetitørar | TOR HULTIN og<br>HARALD KARLSEN |
| inspisient | REIDAR JAMVOLD |

Kostyma er laga på Systova til Det Norske Teatret ved Randi Skahjem.

SESONGEN 1964/65

Billettar får De òg kjøpt i Narvesens Kiosker.

Walter Jacobsen a·s
MODELL KONFEKSJON
Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368
Forretningen med det gode utvalg
i kåper, kjoler og drakter.

LYTT TIL

*Norsk folkemusikk*

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketoner i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på RCA grammofonplater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting

**Til salgs hos musikkhandlerne**

VESAAS — Den nordiske romanprisen

SYN OG SEGN — Største allmenne tidskriftet i landet

DAG OG TID — Avisa for kommentar og debatt

**Det Norske Teatret**

Lyrikkbiblioteket

**MÅLSAK ER KULTURARBEID**

**HUGS MÅLGÅVA**

**NOREGS MÅLLAG**

Postboks 911, Oslo 1. Postgirokonto 14 230

## Charles Chilton:

I 1958 var eg på ferie i Frankrike. Etter oppmoding frå bestemor mi vitja eg Arras for å få eit bilete av grava til far min (son hennar), som vart drepen i det området i 1918. Eg hadde inga aning om at det var så mange soldatkyrkjegardar kring Arras. Då eg sistpå fann fram til fars offisielle minnesmerke, fann eg berre ut at han inga grav hadde. I staden var namnet hans innskrive på muren saman med dei «35 942 offiserar og soldatar frå styrkane til det britiske imperiet som fall i slaget ved Arras. Deira gravstader er ukjende».

Kva kunne no ha hendt ein mann som hadde gjort si eiga jordfesting umogeleg? Kva for grufulle hendingar var det som kunne ha hindra at 35 942 menn vart gravlagde, på eit relativt lite område?

Leitinga etter svar på dette spørsmålet har til sist ført til at eg skreiv denne framsyninga, i den inderlige von om at at det aldri skal bli naudsynt å skrive ei slik gravskrift over noko menneske meir.


NATIONEN

**Kontakten mellom bygd og by!**

Kr. 40,00 pr. kvartal

## *Likar De å følgje med?*

**Få syn for segn les SYN OG SEGN**

*Det største allmenne tidsskriftet i landet*

OPPLAG I DAG: 14 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 560 sider. Årspengar kr. 24,00, for studentar og skoleelevar kr. 18,00 ved direkte tinging i forlaget. Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret. 10 års tinging kr. 200,00.

Kristian Augusts gate 14 — Oslo 1.
Postgiro 87 02 — bankgiro 75/659.

**det norske samlaget**



**RADIONETTE**

*toppseriemodell*



**KVINTETT HI-FI stereo**

Kjøp Deres nye radio — TV hos oss. Har De hørt stereo gjengivelse.

Kom til oss og få det demonstrert.

Godkjent bransjeforretning. Eget verksted.

**JARLEN RADIO & TV A/S**

Åkebergveien 56 - OSLO - Telefon 68 49 18

**SOM SIKKERHET — SIKKER SERVICE**

# „Oh, What a Lovely War!"

Det Norske Teatret presenterer i kveld eit stykke moderne teater, — ingen individuell diktar står bak teksten, men eit scenediktande kollektiv under ein inspirert og inspirerande leiar: Theatre Workshop, skapt og arbeidt fram av Joan Littlewood. Det er eit eksperiment som bryt meir radikalt med teaterkonvensjonane enn det absurde teater, som tross alt fylgjer det gamle skjemaet: forfattaren skriv teksten, instruktøren set i scene og fylgjer forfattarens intensjonar meir eller mindre fritt skapande, skodespelarane tolkar sine roller.

I «Oh, What a Lovely War!» fekk **ensemblet** ein sjølvstendig skapande funksjon. Her vik litteraturen plassen for den **sceniske** dikting, ein tendens som lenge har gjort seg gjeldande i moderne teater. Ordet er ikkje lenger det dominerande elementet, slik det er i det klassiske drama, i Ibsens samfunns-dramatikk osb. Ordet spelar nok med, men som sideordna, til dels underordna faktor. Pantomimiske og plastiske uttrykksmiddel, lys, musikk og lydkontentum kjem inn med full tyngde. Denne fasinerande form har sjølvsagt ikkje sprunge ut som noko revolusjonærande nytt, — den har røter

Framhald side 25.


„*Martha*" HATTEATELIER
Anbefaler chice håndsydde hatter i alle genre
Alltid til rimeligste priser
Pelshatter i stort utvalg
Spes.: MINKHATTER
AKERSGT. 32 II - TLF. 33 73 14 (samme gård som apoteket Kronen)

Den kresne kvinne finner alltid
vei til

Pikant

Damekonfeksjon

Brogt. 3 b. Tlf. 41 23 28

Vakrere ben i
ULTRALYD nylons

daniela

DEN MODERNE STRØMPEN
MED SÆRPREG



Inger-Lise Haug:

NÆRMESTE
FORHANDLERE
OPPGIS VED
IMPORTØRER

Vold-Johansen & Goplen
AKERSGT 59, OSLO 1 — TLF. 33 20 08

## Oh, it's a lovely war!

Oh, oh, oh, it's a lovely war,
Who wouldn't be a soldier eh?
Oh it's a shame to take the pay,
As soon as reveille is gone,
We feel just as heavy as lead,
But we never get up till the sergeant
Brings our breakfast up to bed.

Oh, oh, oh, it's a lovely war,
What do we want with eggs and ham,
When we've got plum and apple jam
Form fours, right turn,
how shall we spend the money we earn,
Oh, oh, oh, it's a lovely war.

Up to your waist in water,
Up to your eyes in slush,
Using the kind of language,
That makes the Sergeant blush,
Who wouldn't join the army,
That's what we all enquire,
Don't we pity the poor civilian,
Sitting beside the fire.

Oh, oh, oh, it's a lovely war,
Who wouldn't be a soldier eh?
Oh it's a shame to take the pay,
As soon as reveille is gone,
We feel just as heavy as lead,
But we never get up till the Sergeant
Brings our breakfast up to bed.



Joan Littlewood.



Edith Roger.



Barthold Halle.

# „AI, AI, FOR EIN ARTIG KRIG!"

«Oh, What a Lovely War» er knytt til Joan **Littlewoods** namn. Denne frodige kvinna og hennar gruppe av skodespelarar, **Theatre Workshop**, har æra for ei rekkje framsyningar som har ført nytt, blodfullt liv til engelsk teater. Etter nokre magre år på turné, mellom anna relativt lite lagd merke til på Riksteatret i Noreg, slo ensemblet seg ned i Theatre Royal, Stratford East, eit arbeidarkvarter aust i London. Ensemblet vart verdskjent på urframføringar av «The Quare Fellow» og «The Hostage» av Brendan Behan, «A Taste of Honey» av Shelagh Delaney og «Things ain't what they used to be» av Frank Norman. Dei fattigslege gatene kring teatret vart fylte av Rolls Roycar frå West End. Joan Littlewood forkynte at dermed hadde teatret mist all interesse for henne og vart borte — til ho snart etter dukka opp att med nye idear og nye iscenesetjingar. Ironisk nok har teatret, etter 11 års verksemd og etter sin kanskje største siger til no, vorte nøydd til å gje opp teatret i Stratford East av økonomiske årsaker. Alt overskot på dei store suksessane er gått med til å dekkje den daglege drifta og underskotet på mindre heldige eksperiment. Joan Littlewood har atter sagt seg ferdig med teatret. For tida drøymer ho berre om sitt «Fun Palace», eit gigantisk leikehus for vaksne, der folk skal få gjera det dei har lyst til, anten det er å laga film — eller sjå på striptease. Heldigvis har ho aldri sett det som noka dygd å vera konsekvent. Det er grunn til å vone på meir teater frå hennar hand — og ånd.

Joan Littlewood har vore med på å dra røyndomen, på godt og vondt, inn i engelsk teater. Ho har i stor mon vore

Framhald side 14.

GRAND-KJELLEREN

Hurtigservering av
rimelige småretter

Framhald frå side 13.

med i den omformingsprosessen som det engelske samfunnet, og med det teatret, er inne i. Hennar eigne framsyningar har alltid vore fulle av konkret, fysisk liv. Ho vanvørder debatt o m ting eller poesi o m noko på scenen. Poesien skal vera ein integrerande del av heile framsyninga. Det ho ottast mest, er at teatret ikkje skal vera levande i augneblinken. Derfor likar ho å forandre, skrive om, skifte rundt på rollene, og halde personalet i ande med stendig nye problemstillingar.

Theatre Workshop vart konfrontert med fyrste verdskrigen. Formidlaren var Charles **Chilton**; han hadde laga ein radiomontasje som i stor mon var bygd på songar frå krigstida. Om lag samstundes la mange historikarar ny interesse for dagen for fyrste verdskrigen. Avstanden gjorde det lettare å sjå fordomslaust på han, samstundes som det synte seg vanskelegare enn nokosinne å finne noko som helst vitug føremål som gjorde rettkomen denne nedslaktinga av

***Hovedrollen***
***blant brannsikre skap*** . . . . . .
**Pris fra kr. 625,00**

Tegn Deres livsforsikring i

GLITNE

DET *er virkelig livskunst*

ein generasjon av Europas ungdom. For at dei skulle kunna fortelja historia om krigen på sin måte, byrja medlemene av Theatre Workshop å samle materiale og koma med framleg om stoff som kunne gjevast form på scenen. Resultatet er ein tekst der **alt** opphavleg er skrive, sagt eller sunge i fyrste verdskrigen. Attåt kjem ein del statistiske opplysningar. Såleis er det eit stykke utan nokon eigenleg forfattar. Den diktarlege innsatsen ligg hos teatret, i den måten det dokumentariske stoffet er sett saman og presentert på.

Då vi skulle førebu den norske framsyninga, stod vi heilt fritt. Opphavsmennene såg gjerne at vi skifte ut stoff til føremon for anna som kunne vera meir aktuelt hos oss. Vi måtte såleis ta standpunkt til om vi ville ta det for oss som eit anna engelsk stykke, eller om vi skulle laga vår eigen versjon, basert på Noregs situasjon i fyrste verdskrigen. Etter mykje veging att og fram valde vi den fyrste løysinga. Det er mogeleg at vi kunne ha laga eit norsk synspunkt på krigen — og

Framhald side 23.

JÖLI

JØRGEN S. LIEN

OSLO - BERGEN - TRONDHEIM - STAVANGER

# "Ai, ai, for ei

**Regi: Barthold Halle**



Desse er med:

Svein Erik Brodal

Ulf Borge

Odd Furøy

Per Theodor Haugen

Harald Heide-Steen

Per Jansen

Lise Fjelst

Aud Schø

Ingebjørg

Rut Tellef

Sølvi Wa





Orkesterleiar: EGIL MONN-IVERSEN

Orkestret: Ole Henning Johannessen, Harald Karlsen, Odd K

# n artig krig!"

**Koreografi: Edith Roger**

rad
ønemann
g Sem
fsen
ing

Ola B. Johannessen
Lasse Kolstad
Helge Linaae
Svein Moen
Rolf Sand
Tom Tellefsen
Asbjørn Toms





Kildahl, Stein Ludvigsen, Per Emil Onsum, Tor Sigvardsen, Per Øien

**SPAR PENGER — KJØP**

# LAMPER

**HOS OSS**



Gedigen reflektorlampe u/ skjerm

**kr. 109,—**

Flotte skjermer fra

**kr. 30,—**

**Kvalitets-utvalg i lamper og skjermer til markedets laveste priser**

**Anseth Kjøp A/S**

**Hausmannsgt. 6, ved siden av Blåkorsgården. Tlf. 42 36 37.**

NEERBYE

# Diamantringer

er vår spesialitet

**Enstensringer fra kr. 200,-**
**Trestensringer fra kr 500,-**
Rosettringer og modellringer fra eget verksted.
**Løse diamanter** på lager til bestillings-, forandrings- og reparasjonsarbeide.
Vi fører toppkvalitetene **Blue white pure** og **finest white pure.**
**Skriftlig garanti** for **størrelse, farve** og **renhet** medfølger hver ring.
Hvis De skal kjøpe diamanter, benytt Dem av vår **50 års erfaring som spesialister.**
Stort utvalg, rimelige priser.

JUVELER — GULLSMED

## H. A. NEERBYE

**OBS! NY ADRESSE:**
Youngst. 1, tlf. 33 32 35

## SONGAR

1. Vår unge Johnny.
2. No kallar fedrelandet.
3. Belgia tok knekken på der Kaiser.
4. Er vi på felgen? Nei!
5. Vårt forsvar treng at nokon tek seg av det.
6. Stapp alle sorger ned i sekken din.
7. Itsju — ko.
8. Heilige Nacht.
9. Det var juledag i messa.
10. Godbye — ee!

**PAUSE**

11. Ai, ai, ai, for ein artig krig!
12. Gassa i natt.
13. Rosene gløder i Picardy.
14. Hysj! her kjem ein knall-dings!
15. D' er ein lang, lang veg.
16. Rule, Britannia.
17. Eg vil ikkje inn i hæren.
18. Keisar Bill.
19. Hoppar bukk gjer heile staben.
20. Old soldiers never die.
21. Vil du sjå på bataljonen?
22. Langt, langt frå fronten.
23. Stel sersjanten romen din —.
24. Eg gjekk i khaki.
25. Fram, John Dust's soldatar!
26. Å når krigen vel er over.
27. Å vask meg i det vatnet.
28. Heim, heim, eg vil heim!
29. Alle helvets klokker.
30. Dei kom inn frå fjell og lier.
31. Soldatskjorten syr mi syster Susie.
32. Adieu la vie.
33. Finale (Ai, ai —).

## Ai, ai —!

Ai, ai, ai, for ein artig krig!
Her har vi kost og fritt losji.
Kven har det trygt og godt som vi?
Så snart som reveljen har gått,
legg alle mann hender i kross,
og vi står ikkje opp før sersjanten
kjem med frukost inn til oss.
Ai, ai, ai, for ein artig krig!
Kven vil ha bankebiff med sos
når han får stomp og eplemos?
Takt, to, takt-to!
Jobben er lett, og løna er god.
Ai, ai, ai, for ein artig krig!

Vassar til knes i vatn,
labbar til liv' i lort,
bannar så salt at jamvel
sersjanten snur seg bort.
Alle vil inn i hæren,
her vil dei alle inn.
Stakkars deg, sivilist, som sit
og frys ved kaminen din!

Ai, ai, ai, for ein artig krig!
Her har vi kost og fritt losji.
Kven har det trygt og godt som vi?
Så snart som refeljen har gått,
legg alle mann hender i kross
og vi står ikkje opp før sersjanten
kjem med frukost inn til oss.

Ai, ai, ai, for ein artig krig!
Kven vil ha bankebiff med sos
når han får stomp og eplemos?
Takt to, takt to!
Jobben er lett, og løna er go
Ai, ai, ai, for ein artig krig!

**Eg vil ikkje inn i hæren!**

Eg vil ikkje inn i hæren.
Eg vil ikkje gå i krig.
Vil heller fri og frank
gå heim' og drive dank
og leva på løna til ei kontordame.
Eg vil kje ha ein bajonett i magen
og ikkje halve ræva skoten vekk.
Vil leva heim' i England,
i gamle gode England,
og hore til mitt brød så langt det rekk.

**Heim, heim, og vil heim!**

Heim, heim, eg vil heim,
heim, heim, eg vil heim!
Eg vil ikkje ned i ei skyttargrav att
der knalldingsar plystrar ved dag og ved natt.
Heim til pub-kroken min
der ljåmannen ikkje meg finn.
Å nei, eg vil ikkje døy.
Eg vil berre heim.

LIVS- OG PENSJONSTRYGDING

# ANDVAKE

MØLLERGT. 16 - OSLO



**Det lyser opp**

i den grå hverdag med pene broderier. De bringer naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle.

*Begynn med brodering, en kongelig hobby*

**RANDI MANGEN & CO.**

*SPESIALFORRETNING I BRODERIER*

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

*HENRIK BØHM'S*

**Paraply- og regntøyforretning**

er flyttet til

**Torggt. 23. Tlf. 42 16 87**

(vis à vis Ferdinand Larsen A/S)

*Gamle og nye kunder ønskes velkommen*

OSLO FYLKESLAG

i Noregs Ungdomslag

Heim for landsungdom

Lagskontor. Ynskjer du opplysningar om bygdelaga i Oslo, ring Sosialkontor for landsungdom telefon 20 38 20 og 20 38 03. Kaffistova og heimebuarane telefon 20 07 04.




Framhald frå side 15.

gjennomført dette scenisk parallelt med det tilfanget som ligg føre. Men vi har ikkje funne ut korleis dette kunne gjerast utan at publikums oppleving av stoffet vart hemja eller splitta. Derfor har vi langt på veg brukt den engelske framsyninga som førebilete. Det vil mellom anna seia at vi har freista få ein enkel viltalitet over rampen. Jamvel om dei realitetane som ligg attom er aldri så beiske, vil vi gjerne at framsyninga skal vera positiv i den meining at ho er fysisk levande og har kropp og sinn og mæle. Den vanskelegare oppgåva er vel å fortelja om krigen og massedøden som noko vanvitug, men såleis at framsyninga samstundes gjev glede ved livet og varme for medmenneska.

**Barthold Halle.**

**NASJONAL-KAFEÉN**

Keysersgt. 1. Telefon 33 21 49

IOGT's populære kafé i Oslo

**God mat — Rimelige priser — Selskaper mottas —**
**Lokaler utleies**

*Vesker - lærvarer - piper - røkesaker - suvenirer*
*og presanger for hele familien*

**„STAR"**

Karl Johans gate 4, ved Jernbanetorget



*Spesialforretning i TV - radio*

Vi fører alle anerkjenle merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne apparater som passer

*GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder*

**NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S**

*Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37*

Filial: Lambertseter forretningsenter — Tlf. 28 03 12





*Godt utvalg i dame- og herreskotøy*

Valkyrien Skotøymagasin A.s

Valkyriegt. 3 - Oslo Telefon 46 34 64



*MIDT PÅ KARL JOHAN*
*EGERTORVET - OSLO*

**Reisevaluta ekspederes raskt og greit**
**Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker**

**BØNDERNES BANK A/S**

Framhald frå side 9.

i mange teatertradisjonar både eldgamle og nye, Peking-opera, komedia Del'arte, Brechts Verfremdungsteater, Komische Oper, også i Øst-Berlin, moderne revy, kabaret og musical, — alle desse element har Joan Littlewood på forunderleg vis greid å smelte saman til eit spanande heile, der tilsynelatende spontan improvisasjon på scenen blir gjennomført med perfekt presisjon. Det ser så enkelt ut og er så vanskeleg, det går som ein leik over scenen, men det ligg eit veldig arbeid bak.

Ei lang rad teater i Skandinavia og på kontinentet har planlagt å spela «Oh, What a Lovely War!». Når vi som det første teater utanfor England dristar oss til å overføre dette unike sceneverket til eit anna språk og presentere det i eit anna miljø, er det vår von at dei primære kvalitetar i verket skal finnast att også i **vår** versjon.



**Lær å danse i en fart**

6 privattimer — 10 gruppetimer for **ungdom — voksne — ektepar. Grupper: Nybeg.: Tirsdag og fredag kl. 19.30. — Viderek.: kl. 21.15. Haakon VII's gate 9, VIKA-TERRASSENE,** tlf. 447 447, kl. 9—13, 18—20.

*Gudrun Engelsen Barlaup*

LIVSTRYGDING — PENSJONSTRYGDING

## GJENSIDIGE

*Eldste livstrygdelaget i Noreg*

**Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30**

## *En trykksak*

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg.

RAGNAR BRYDE

*Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri*

Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 20 20 49

## *Bruk spesialisten*

med over 15 års erfaring i sandblåsing av møbler, glass og metaller.

**TRYGVE ORFJELL**

Normannsgt. 31. Tlf. 68 45 70.




*Kjøp Deres stempler hos*

JOHS. KROGSTIE A/S

*Gravør og Stempelfabrikk*

Storgaten 9 — Oslo — Telefon 33 73 08

**KVALITET — NØYAKTIGHET — ANSVAR**

## NATIONALTHEATRET

«DEN HELLIGE JOHANNA»
AV Bernard Shaw
I tittelrollen: Liv Ullmann
Regi: Arild Brinchmann
Dekorasjoner: Guy Krohg
Premiere 27. januar

«LUFTGJENGEREN»
Av Eugène Ionesco
I hovedrollen: Henki Kolstad
Regi: Palle Skibelund
Dekorasjoner: Per Schwab
Premiere 17. februar

«KVINNESKOLEN»
Av Moliere
I hovedrollene: Per Aabel, Ingrid Vardund
Regi: Barthold Halle
Dekorasjoner: Per Schwab
Premiere 11. mars

## DEN NORSKE OPERA

BALLETTAFTEN (R)
«COPPELIA»
Av Lev Ivanov
Musikk: Leo Delibes
27., 28. (familieforestilling og 30. januar

«FIGAROS BRYLLUP»
Opera buffa av W. A. Mozart (Ab.)
4., 6., 8., 9., 12., 13., 17., 19., 20., 23., 26. og 27. februar
2., 5., 6., 9., 12., 13., 16., 18. og 20. mars

BALLETTAFTEN (Ab.)
«LEK I GATEN»
Av Walter Gore
Musikk: Jaques Ibert

«HYMNE»
Av Brian Macdonald
Musikk: Frederich Delius

«GISELLE»
Etter Coralli
Musikk: F. Burgmüller
15., 16., 18., 22. og 25. februar
1., 5., 8. og 11. mars

«THE RAKE'S PROGRESS»
Opera av Igor Stravinskij (R)
2. og 10. mars

«DEN SKJØNNE HELENE»
Operette av Jaques Offenbach (Ab.)
22., 23., 24., 25., 26., 27., 29., 30. og 31. mars

## OSLO NYE TEATER

«ANNE FRANKS DAGBOK»
Regi: Jens Gunderssen

«NÅR DAGEN VENDER»
Skuespill av Paul Claudel
Regi: Claes Gill
I hovedrollen: Liv Strømsted

«DEN ONDE HYRDE»
Skuespill av Jens Bjørnebo
Regi: Issy Abrahami

## BARNETEATRET

i Folketeaterbygningen

«TROLLMANNEN FRA OZ»
Regi: Erik Lassen
I hovedrollen: Wenche Myhre

# *Ingen heim utan hage*

Målet for Det Norske Hageselskap er hage ved alle heimar som har jord til det, og ingen heim utan grønsaker, bær, frukt og blomar på kvardagsbordet. Bli medlem i selskapet! Det kostar 20 kroner for året i medlemspengar. Alle medlemmer får tilsendt tidsskriftet «Norsk Hagetidend» og småskriftet «Minneliste for hagedyrkere»,

**DET NORSKE HAGESELSKAP**

MOTZFELDTSGT. 1, OSLO — TELEFON 67 33 86



REDNINGSSKØYTENE reddet i 1964 49 mennesker fra drukningsdøden, og var til hjep for 3627 mennesker.

**Send ditt bidrag til**

**Norsk Selskab til Skibbrudnes Redning**

Wesselsgt. 8 Oslo - Postgiro 500 026 Bankgiro 900 026/51

## *SPELPLANEN FRAMOVER:*

### *EIT DRAUMSPEL*

Første premiere på nyåret blir «Eit draumspel» av August Strindberg, omsett til nynorsk av Halldis Moren Vesaas.

«Eit draumspel» står like sentralt i Strindbergs produksjon som «Peer Gynt» i Ibsens. Merkeleg nok har det aldri før vore spela av noko norsk teater.

På Det Norske Teatret gjestar Strinberg-spesialisten Olof Molander som instruktør. Han var den første som verkeleg forløyste «Eit draumspel» på scenen, og han har arbeidt stadig vidare med dette rike og gåtefulle dramaet. Vi ser fram til hans tolking på Det Norske Teatret med spaning. Rut Tellefsen spelar Indras dotter.

Etter «Eit draumspel» kjem

### *BYEN VÅR*

av Thornton Wilder, som Studioteatret hadde slik suksess med like etter krigen. Pål Skjønberg set i scene og skodespelet er omsett til nynorsk av Ola Jonsmoen. Og så er det tid for

### *WEST SIDE STORY*


**IPA** *Syskole*

Etablert 1942

MESTER IPA

*Sy garderoben*

**selv, — modellbetonet.**

**Vi gir Dem den beste individuelle undervisning.**

**Tlf. 46 29 87.**

*Thoralf Vik*
*Bygg- og tømmermester*
Kontor: Armauer Hansensgt. 14 b, tlf. 60 47 18.
Byggeplass: Hosle i Bærum, tlf. 53 47 62.

*Alle tiders utvalg av vakre gaver til alle anledninger*
**Savolainen & Co**
STORGATEN 4 - OSLO TELEF. 33 46 09

## WEST SIDE STORY

har fått det ordet på seg at det ikkje kunne spelast i Skandinavia. Her fanst ikkje aktørar som kunne meistre nettopp denne krevjande teaterforma: det måtte ungdom til som song, dansa og spela teater like godt.

Krevjande er West Side Story utan tvil, men vi trur likevel det er noko av ein myte at dette sterke musikk-dramaet skulle vera uspeleleg her. Vi trur det er eit spørsmål om førebuing og oppøving, — derfor er vi alt no i gang med jazzballettprøver under dynamisk leiing av koreografen Rikki Septimus.

West Side Story får truleg premiere på Det Norske Teatret sist i april.

*Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til*
**B. Bogens Parkettsliperi**
Chr. Michelsensgt. 21 — Telefon 37 60 26
*Førsteklasses arbeide garanteres*

**JOHANSEN & NIELSEN**
**BOKTRYKKERI**
Pilestredet 45 b, Oslo
Sentralbord 60 17 95

**Alltjenest Rengjøringsbyrå**

TELEFON 412031

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

*Rydding av loft og kjeller — Faste oppdrag mottas*

# Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 – Telefon 42 24 22

*Medlem av Norsk Blomstertelegraf*

*Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser*

**Norges Kjøtt og Fleskesentral**

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt, livdyr, ull, huder og skinn

*12 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 121912 medlemmer*

BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

**Hotell Bondeheimen**

Rosenkrantzgt. 8

**Kaffistovene**

Rosenkrantzgt. 8 – Stortorget 8

Kr. Augustsgt. 14 – Storgt. 28

OSLO

Repress Reklamebyrå, Oslo

Johansen & Nielsen, Oslo

